
Fra: Frode Myking <frodemyking@hotmail.com>
Sendt: lørdag 14. april 2018 00.55
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Anne Dahle Austrheim
Emne: VS: Uttale vedr. rapport frå kontroll av skjenkeløyve 24/3-2018

Konserten blei sjølvstilt arrangert 24 mars - og ikkje 24 april slik det står i uttalen.

Mvh Frode

Fra: Frode Myking <frodemyking@hotmail.com>
Sendt: 14. april 2018 00:48
Til: Postmottak Radøy
Kopi: anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no
Emne: Uttale vedr. rapport frå kontroll av skjenkeløyve 24/3-2018

Hordabø IL arrangerte lørdag 24 april konsert med Stavangerkameratene i Hordabøhallen. 800 billetter vart selde og me stilte med 47 vaktar. Vaktane blir før våre arrangement instruert i korleis dei skal opptre. Ei av oppgavene vaktane har er å ettersjå at ingen overstadig rusa personar får opphalda seg inne i lokalet eller på øvrig skjenkeområde. Nokre av våre vaktar har faste område dei skal holda oppsikt med, mens andre er rullerande på heile området nettopp for å snappa opp personar som er for rusa til å være der. Våre vaktar oppfatta denne kvelden 5 personar som blei bortvist frå Hordabøhallen. Ifølge Alkoholkontrollen burde 1-2 personar til vorte oppdaga og bortvist frå stedet. Dette beklagar me sterkt. I samtale med skjenkekontrollørane ved avslutta inspeksjon fekk me tips om at litt endring i bevegelsesmønsteret til vaktane kan gjera det meir oversiktlig og lettare å få kontrollert enda fleire gjestar. Dette tar me til etterretning og vil gjera alt me kan for forbedre rutinane våre slik at me ved kommande arrangement oppdagar alle dei personane som bør forlata området, og ikkje berre nokon. Hordabø IL vil ila sommaren invitere ut Alkoholkontrollen for eit møte og ein gjennomgang slik at me stiller best mulig forberedt til våre arrangement i fortsettelsen.

Eit anna punkt Alkoholkontrollen nevner i sin rapport er usikkerhet rundt oppbevaring av alkohol på Bunnpris Bøvågen. Hordabø IL har 4 kjøler i Hordabøhallen. Disse fylles opp under våre arrangement men ved utsolgte arrangement kan kjøleskapasiteten i Hordabøhallen være i minste laget . Derfor lagres ein mindre mengde alkohol på ein lagerkjøl på Bunnpris Bøvågen og blir henta ved behov. På konserten med Stavangerkameratene blei det henta 10 brett a 24stk Grevens Pærecider ila kvelden. Me kan opplyse at alt er kjøpt og fakturert i forkant av konserten. Pga at undertegna er både leder i idrettslaget, skjenkestyrar og daglig leder på Bunnpris Bøvågen blei denne løsningen valgt. Dersom dette ikkje er innafor lovligheten skal me sjølvstilt endre praksis umiddelbart. I samtale med Anne Dahle Austrheim i Radøy Kommune blei me enig om at me saman skal finna ein løsning for korleis alkoholen kan oppbevarast. Dette vil bli fulgt opp før vårt neste arrangement.

Mvh

For Hordabø IL
Frode Myking
Leder